V Å G Å F J E L L S T Y R E M Ø T E B O K

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
035	Knut Øyjordet	05.04.19	11/19

BUA VED NEDRE LEIRUNGEN – BRUK ETTER RENOVERING OG OMFANG TIL DISPOSISJON FOR LEIRUNGSDALEN BEITELAG

Saksdokument:
1. Brev frå Leirungsdalen beitelag av 05.12.16 og 12.03.19 til fjellstyret (er vedlagt saka).
2. Brev frå fjellstyret av 04.04.18 og 30.05.18 til beitelaget.

Saksutgreiing og vurdering:
Hytta ved Nedre Leirungen eller «gjetarbue» som den har vorte kalla, vart bygd i 1971, som erstatning for ei gamal bu som hadde forfalle heilt. Det er fjellstyret som eig og har bygd bua, og har festekontrakt på den (avtale frå 1971). Driftestyret for Langmorkje statsallmenning, som var eit fellesorgan for beitelaga, fekk disponere bua til gjetarbu, og gjetaren som hadde gjeting for fleire beitelagsområde, nytta bua som «base». Fjellstyret gav årleg tilskot til driftestyret. Etter ei ny organisering av beitelaga frå 2007, vart driftestyret nedlagt, og Vågå avløysarlag tok ansvaret med å administrere gjetarordninga. Fjellstyret fastsette same året retningsliner for tildeling av tilskot til beitelaga for utgifter til gjetar.

Etter nedlegging av driftestyret vart bruken av «gjetarbue» vidareført slik at Leirungsdalen beitelag fekk disponere den i sommarhalvåret (munnleg avtale), medan fjellstyret nytta den for utleige i tida ca. 15. september – ca. 15. mai. I seinare år har bestilling av bua skjedd ved booking på Inatur. Med åra har det meldt seg behov for vedlikehald, og fjellstyret bestemde i 2017 at den skulle «full»-renoverast, i staden for å byggje heilt ny, som også var vurdert som alternativ. Renoveringa skjedde i 2018, og det står att ca. ein månads arbeid innvendig, som vil bli utført våren 2019. Kostnad med renovering blir på kr. 550-600.000,-.

Etter at Leirungsdalen beitelag vart kjent med byggjeplanane, vart det sendt eit brev frå beitelaget til fjellstyret i 2016, som innspel i samband med bygging av ny gjetarbu. I brevet skriv beitelaget at dei ønskjer å halde fram med å bruke bua. Om fjellstyret byggjer heilt ny bu, er det ønskje om at bua blir delt i to bueiningar, og at beitelaget kan disponere den eine delen, samt ein del av uthuset. Fjellstyret ved styreleder og dagleg leder hadde eit møte med Jo Aasheim, som da var leder i beitelaget, og fjellstyret orienterte m.a. om planane med renovering/ev. bygging ny bu, og tankar om framtidig bruk. Det vart opplyst i møtet at beitelaget ikkje har nytta bua til overnatting i noko stort omfang dei seinare åra.

I eit brev frå fjellstyret i april 2018 vart beitelaget orientert skriftleg om renoverings-planane, samt at fjellstyret ville nytte den som ei utleigehytte framover også i sommarhalvåret. Om den nyrenoverte hytta skulle stillast til disposisjon for beitelaget for eit visst antal avtalte datoar i beitesesongen, skulle ein kome tilbake til etter at fjellstyret hadde drøfta det. Pga. renoveringa stilte fjellstyret Gjendeosbue til disposisjon for beitelaget for eit visst antal døgn sommaren 2018. Og etter ønskje frå beitelaget vart det datofesta tre helgjer.

I brevet frå fjellstyret foreslår fjellstyret at den beste løysinga for båe partar er at beitelaget byggjer ei eiga gjetarbu med uthus i nærleiken av sautråa, noko som også har vore «lufta» munnleg til beitelaget. Fjellstyret ville sjå positivt på å gje eit tilskot til ei slik bu, og viste til at Russdalen beitelag fekk kr. 80.000,- frå fjellstyret til den nye bua ved Blåtjønnåe.

I det siste brevet frå beitelaget hevdar dei fyrsteretten til bua fordi den var bygd som gjetarbu. At fjellstyret tildeler laget bua berre nokre helger i sesongen er i følgje beitelaget ikkje aktuelt. Med bakgrunn i dette vart beitelaget invitert til eit møte, som vart halde den 26. mars. Frå fjellstyret stilte styrelederen og dagleg leder, og frå beitelaget stilte dei tre medlemmene (Jo Aasheim, Anne Kristine P. Solbakken/Kjell Solbakken og Hallstein R. Brenden). Det vart m.a. prata litt om bruken av bua opp i gjennom åra. Beitelaget argumenterte for behovet for å disponere bua, dvs. ei grunngjeving av innhaldet i det siste brevet til fjellstyret.

Det er ikkje inngått noko skriftleg avtale om at Leirungsdalen beitelag kan disponere bua i heile sommarsesongen etter at driftestyret vart nedlagt i 2007. Og fjellstyret har fått ei tilbakemelding frå laget om at bua har vore lite nytta i seinare år. Den vart bygd på ei tid då det var eit heilt anna behov for husrom for ein gjetar med ansvar for eit langt større område enn berre i Leirungsdalen.

Innstilling til vedtak:
Når «gjetarhytta» ved Nedre Leirungen er ferdig renovert på forsommaren, vil fjellstyret nytte den som ei vanleg utleigehytte også i sommarsesongen, noko som Leirungsdalen beitelag har vore kjent med ei tid. Fjellstyret har forståing for at beitelaget har behov for å kunne disponere ei gjetarbu innimellom i beitesesongen i samband med gjeting og tilsyn. Beitelaget kan difor frå sommaren 2019 få disponere bua gratis i døgna ved «beiteslepp» og døgna på hausten når det er hovedsank. I tillegg kan beitelaget disponere bua gratis i 10 døgn i perioden 1. juni – 14. september i samband med gjeting og tilsyn med sau, samt eventuelt behov i samband med vedlikehald av anlegg (gjerder og sautrå). Behov for å nytte bua utover dei ti døgna eller til fritidsbehov, skjer på vanleg måte med utleige og booking på Inatur. Fjellstyret vil inngå ei skriftleg avtale med beitelaget om disponering av bua.

Døgna ved «beiteslepp» og døgna knytt til hovedsanken må fjellstyret få beskjed om før 1. mai. Dei ti andre døgna bestiller beitelaget sjølve ved booking på Inatur, og laget får refundert kostnaden samla etter sesongslutt. Dersom aktuelle døgn allereie er bestilt av andre ved booking på Inatur, kan fjellstyret stille Gjendeosbue til disposisjon som ei reserveløysing dersom denne er ledig for det aktuelle døgnet/døgna.

Fjellstyret meiner den beste løysinga for beitelaget er å byggje si eiga bu med uthus i nærleiken av sautråa. Fjellstyret vil sjå positivt på ein slik søknad, og er innstilt på å gje eit betydeleg tilskot til det.

Vedtak: Samrøystes: Som innstillinga, men med dette tillegget:
Avtala som blir inngått med beitelaget, må evaluerast etter tre år.

Rett utskrift. Går til:
Leirungsdalen beitelag v/Anne Kristine P. Solbakken

Vågåmo, 05.04.19

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no